

# Rapport infosenterdrift sommar 2018

## Bakgrunn

Ifb. med kommunestyret si behandling av sak 031/17 vart det 20.04.2017 vedteke at Fjordhagen skal drifte sommaropen turistinformasjon i perioden 10.06.-25.08.2017. Dette skulle finansierast gjennom omprioritering av tilskot til døropropar, næringsforum og visningstur. Det vart i tillegg vedteke at tilskotet til Fjordhagen AS skulle aukast med 45.000 kr, og at kommunen skulle finansiere innkjøp av inventar og utstyr inntil kr.100.000 med bruk av elverksfondet.

I tillegg til dette har kommunen sett av midlar i næringsfondbudsjettet til at Fjordhagen har kunne jobba med eit forprosjekt for infosenter. Dette går ut på å gjere lokala i turistinformasjonen meir attraktive å besøke i form av å få inn meir opplevingsinnhald i bygget.

## Opningstider, besøkstal og nasjonalitetar

Eigen tabell på registrerte besøkande per dag og nasjonalitet er vedlagd rapporten.

På bakgrunn av besøkstal/erfaringane frå sesongen 2017 vart opningstida i 2018 redusert frå oppstart 10.06 til oppstart 23.06. Infosenteret har vore ope 23.06-26.08.2018. Det vart redusert opningstid i forhold til i fjor pga lite besøk 10.06-22.06.

Korrigert for opningstid så har det vore ein liten nedgang i registrert besøkstal frå 4197 i 2017 til 3837 i 2018. Gjennomsnittsbesøk per dag har gått ned både i juli og august. Det er vanskeleg å seie kva nedgangen i besøkstal skuldast. Framfor denne sesongen har vi gjort store tiltak med skilting utvendig både med jordbær, infosenterskilt og store raud I-plakatar. Ein teori som brukar å stemme for «innandørsattraksjonar» er at besøkstala varierer med veret. Når veret er fint er det dårlegare besøkstal enn når veret er dårleg. Slik sett så kan dette stemme med årets sommarsesong der spesielt juli var svært fin.

36% av dei besøkjande kjenner vi ikkje nasjonaliteten til. 28% er norske, 9% er tyske, 8% er svenske, 3% er amerikanske og 3% er fransk. Resten (13%) fordeler seg på alle verdsdelar.

## Kva spør dei besøkjande om?

Vi har logga alle spørsmåla som betjeninga får i skranken. Det er framleis mange spørsmål som går på vegvisning til Geiranger, Trollstigen, og andre attraksjonar/stader lenger frå som Atlanterhavsvegen, Jostedalsbreen, Runde og raskaste vegen til Oslo/Bergen/Trondheim.

Det som er gledeleg er at vi i år har registrert at ein mykje større del av dei besøkjande spør om vegen til lokale attraksjonar og bedrifter. Stadig fleire besøkjande spør også om tur/fjellturforslag og fiskemulegheiter i nærleiken.

## Innhald

I forhold til fjorårs-sesongen vart det gjort tiltak på skilting utvendig for å gjere infosenteret meir synleg. I tråd med forprosjekt møte i fjor haust med aktørar både frå Nasjonal turistveg, Reinheimen nasjonalpark, Stiftinga Geirangerfjorden Verdsarv med fleire møtte, hadde vi spesielt fokus på jordbæra som tematikk for infosenter-utstillinga. Det vart laga til ein skikkeleg presentasjon av lokalmat, og ferske jordbær frå Valldal grønt var til sals kvar dag frå 26.juni-30.juli. Vi fekk ikkje til utsal av anna lokalmat, då det må på plass kjølediskar og dette var utanfor det budsjettet vi hadde til rådighet.

I tillegg til jordbær/lokalmatutstilling med sal av lokalproduserte souvenirar relatert til jordbær (jordbærhuer, jordbærvottar og jordbærfigurar) hadde vi også

- utstilling av lokale natur- og dyrebilder, utstoppa jerv, rev og fugl
- ei eiga «Valldalsleid-utstilling» med statua av Heilag Olav, klostermodellen, rollup pilgrimsleia, film, bøker og souvenirar knytt til pilegrimsleia og klosteret
- presentasjon av lokale fiskemulegheiter i fjellvatn og elver, og sal av lokale fiskekort
- eiga utstilling med 360bilde av alle Norddalsbygdene, tre tv-skjermar som viste film og bilder frå om aktivitetane i området, Nasjonal turistveg og Reinheimen nasjonalpark, og ein publikumspc som var tilgjengeleg med [www.norddal360.no](http://www.norddal360.no) som online versjon
- sal av kart, enkle souvenirar og lokalhistoriske bøker
- administrasjon av utleige av torgplassar for Norddal kommune

Vi søkte og fekk også i år autorisasjon frå NHO Reiseliv som turistkontor klasse 2 med rett til å bruke I-skilt med raud botn.

I tillegg til dei to faste tilsette i Fjordhagen AS som bemanna infosenteret, så vart det også tilsett to sesonghjelper. I tillegg til kundebehandling og informasjonsinnhenting har bemanninga også hatt ansvaret for reinhald av turistinformasjonslokala. Vi har også hatt løpande kontakt med vaktmeister i kommunen når det har vore problem med dørene til dei offentlege toaletta.

Vi har hatt oppdatert oversikt over overnattingsstader og serveringsstader i kommunen, og deira kontaktinformasjon, opningstider og kapasitet. Vi har også laga og sendt ut oppdaterte arrangementsoversikter til bedriftene, og denne informasjonen er også lagt ut på dei elektroniske infoskjermene rund om på bedrifter i kommunen. Ein slik skjerm har også henge på turistinformasjonen.

Trykte brosjyrer er meir og meir på veg ut, men vi hadde utstilt det vi fekk tak i av lokale og regionale brosjyrer/foldarar. Informasjon på internett var vårt viktigaste arbeidsverktøy, både for å finne ferjeruter, bussruter og all anna informasjon om bedrifter. Dei aller fleste som ynskte vegvisning ville ha dette på internett, nokre få kjøpte også vegkart som vi hadde til salgs (Vegkart for heile Norge og vegkart for Midt-Norge).

For å gjere framsida av bygget og inngangspartiet reinare og meir innbydande så flytta vi plakattoppslaga til veggen ved dei offentlege toaletta. Dette fungerte bra.

Tilgang til kommunen sitt trådlause Wifi-nett fungerte for det meste bra, men dei utanlandske gjestane slit med å logge seg på dette. Vi har difor hatt ein eigen publikumspc ståande til disposisjon. Vi har også hatt kopimaskin til disposisjon, og denne har også fungert greitt.

Utgåva av det nye turkartet for Norddal kommune vart dessverre forseinka. For å ha noko tilgjengeleg for turistane kopierte vi opp og selde A3 utsnitt av kartet.

## Evaluering og vegen vidare

Vi har drøfta med ulike aktørar kva innhaldet i infosenteret bør vere, og kva som har stoppeffekt. Skal det vere eitt fokus, eller skal det vere mange tematikkar samtidig?

Årets sesong med infosenterutstilling med fokus på jordbær/lokalmat viser at dette ikkje gav noko høgare besøkstal enn det hadde vore før. Den positive trenden var imidlertid at mange fleire av dei som kom innom spurde om lokale opplevingar og tenestetilbod. Typisk spørsmål frå i sommar var: «Vi er her frå i ettermiddag og skal overnatte til i morgon. Kva kan vi finne på her?» Av forslaga våre som fenga mange var å køyre seg ein tur til Tafjorden, besøke Zakariasdemninga, Kraft- og Skredsenteret (dersom dei rakk opningstida) og gå ein tur til Muldalen. Eit anna forslag som fenga var å ta ein tur til Norddal, og besøke Herdalssetra, klosteret og lokalmatprodusentar. Dette viser at formidling av Tafjorden og opplevingar utanom turistvegruta som dei fleste allereie er på veg til å gjere har stort potensiale/attraksjonsverdi.

Det vi kan tolke ut av årets sommarsesong er at temaet jordbær og lokalmat ikkje har så stor internasjonal attraksjonskraft som vi trudde, men det har ført til at vi får fleire innom av den typen kundar vi ynskjer som er nysjerrig og stiller spørsmål om kva dei kan finne på i nærområdet. Fokus på jordbær og lokalmat har størst attraksjonsverdi for nasjonale og ikkje minst regionale turistar. Dette kan vi ta med oss inn i tettstadutviklingsprosjektet både når det gjeld utvikling av torg/hamneområde og sentrumsfunksjon.

Den aukande mengda spørsmål og nysjerrigheit om både Tafjorden og Herdalssetra viser at det eit potensiale for å få endå fleire til å stoppe og bli lenger om vi klarar å få løfta fram desse områda som trass alt er ein del av UNESCO verdsarvområdet. Verdsarvstatusen tilseier at det også vil ha høg internasjonal attraksjonskraft. Vår konklusjon er at eit utstillingspunkt/infosenter i Valldal sentrum bør ha hovudfokus på verdsarvfjorden Tafjorden, verdsarven Herdalssetra og omkringliggjande bygder i Norddal kommune.

På bakgrunn av dette anbefaler vi at ein tek kontakt med Stiftinga Geirangerfjorden Verdsarv for å drøfte mulegheitene for at dei kan utforme innhald og sjå på mulegheiter for drift av utstillingspunkt i Valldal knytt til verdsarven/Unesco med hovudfokus på verdsarvfjorden Tafjorden og verdsarvområda og bygdene i Norddal kommune. Verdsarvstiftinga har nyleg vore med å fått til ei bra verdsarvutstilling knytt til Peer Gynt-senteret på Hellesylt, og driftar også Norsk Fjordsenter i Geiranger. Drift av infosenter vil i utgangspunktet vere begrensa til sommarsesong ca 20.juni-20.august. Ein bør diskutere om/korleis lokala skal kunne nyttast av andre resten av året, eller om utstillinga skal stå der permanent. Dersom utstillinga har karakter av å vere «pop-up» utstilling, så kan lokala fungere som innandørs torg/utstillingslokale som kommunen kan leige ut til andre aktørar for td. juleutstilling og andre tema/sesongutstillingar.

På kort sikt må ein ta utgangspunkt i å lage ei utstilling i servicebygget slik det står i dag. Det er behov for å vurdere om det er tilstrekkeleg plass til ei utstilling slik bygget står i dag, eller om det er nødvendig å byggje ut. Infosenteret burde absolutt kunne ta i bruk rommet som i dag vert brukt til frysarar og lager til gatekjøkkenet. Det er heller ikkje spesielt heldig plassering av dei offentlege toaletta med tanke på at det er midt i åsynet til gatekjøkkenskundane som sit på benkane ute og et.

Gatekjøkkenet som er i servicebygget i dag er mykje av motoren i «folkemylder»-miljøet på hamna. Gatekjøkkenet er ein viktig del av «attraksjonskrafta» på hamna og grunn til at folk stoppar. Det er viktig at det også vert slik type drift der vidare. Som sagt tidlegare må utviklinga av servicebygget med infosenter, gatekjøkken, offentlig toalett/sanitæranlegg og tilhøyrande parkering sjåast i samanheng med tettstadprosjektet. Det kan vere ein tanke å legge til rette for

korttidsparkering/destinasjonsparkering på rådhusmarka og evt. vurdere flytting av offentlege toalett/sanitærfunksjonar dit.

Det må også settast av midlar i kommunen sitt budsjett til «internrekneskapen» for kommunen si drift av sjølve bygget som ikkje vert dekt av husleige frå gatekjøkkenet (vask/drift av offentlege toalett/sanitærtillbod, vedlikehald av bygget, straum osv.). Dette er ikkje synleggjort i år og blir eit underskot i teknisk/bygg sitt budsjett.